

Linn Eilertsen
23.01.2024

Vurdering av verknad på høgmyr ved Gamlestølen, Sulafjellet

Bakgrunn

Det er utarbeida forslag til områderegulering for Sulafjellet i Sula kommune, formålet med planen er å regulere areal for bygging av gondolbane frå Langevåg sentrum til Sulafjellet med mellomstasjon og toppstasjon samt restaurantbygg på Rundehornet. I samband med planen vart det utarbeida konsekvensutgreiingar for blant annet naturmangfald (naturtypar og fugl), der det vart registrert ein rekke naturtypar med høg verdi. Planen hadde høyring i perioden 10.11.22 til 9.02.23. På grunnlag av uttalar til høyringa vart planen revidert og nytt planforslag vart lagt fram den 06.07.2023.

Hovudendringa i nytt planforslag, er at areal for alpin- og skitraséar mellom Rundehornet og mellomstasjonen er tatt ut av områdereguleringsplanen. I tillegg vart planlagt reinseanlegg for VA på Gamlestølen teke ut av planen før 2. høyring.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i 2023 gitt ny uttale til 2. gangs høyring av planen for utbygging på Sulafjellet. I denne har Statsforvaltaren igjen fremma motsegn mot planen og har særskilte kommentarar til kystlyngheiene som er registrert og til ein lokalitet med atlantisk høgmyr. Bakgrunnen for dette er mellom anna Rådgivende Biologer sin konsekvensvurdering av utviding av Vonløypa inntil høgmyra ved Gamlestølen (Blanck 2023) der det står følgjande: *Det skal ikke være terrenginngrep direkte i lokaliteten, men den kan likevel bli indirekte påvirket av endringer av tilgrensende hydrologiske forhold (endring i fordrøyning, avrenning og drenering). Det er vanskelig å si hvor stor endringene i de hydrologiske forholdene for delområde 9 blir, men siden høymyrene er i hovedsak avhengig av vanntilførsel fra nedbør og ikke grunnvannet, vurderes påvirkningen å være noe forringet.*

I uttalen frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal datert 02.11.2023 står det mellom anna. *Det må fastsettestast føresegner med krav som sikrar at vasshushaldet i den sterkt trua atlantiske høgmyra vert oppretthalden i samband med vegbygginga.*


Nordplan AS har bedt Biota Naturkompetanse AS om å utarbeide eit fagnotat som drøftar:

- 1) Faren for påverknad av myra på grunn av utviding av Vonløypa med om lag 1 meter (frå ca. 2,5 til 3,5 meter)
- 2) Eventuelle hydrotekniske eller andre tiltak som kan krevjast i føresegner til reguleringsplanen, som sikring mot påverknad på myra.

Hydrologiske forhold på staden

Myrer kan på mange måtar samanliknast med ein svamp, som kan gi flaumdemping i nedbørfeltet, samtidig som dei sørger for jamn og stabil vasstilførsel i tørre periodar. Kva påverknad masseutskifting har på den hydrologiske tilstanden vil variere med utforminga på myra og topografi på staden.

Storparten av myra ved Gamlestølen ligg i eit nokså flatt terreng, men nordre del har helling mot nord-nordaust, dette kjem tydeleg fram på detaljerte grunnkart (**Figur 1**). Tilsiget til myra vil difor komme frå sør, det er ingen tydelege tilførselsbekkar til myra på grunnkart. Sørøstenden av myra heller svakt mot sørøst.




Figur 1. Avgrensing av myr ved Gamlestølen, storparten av lokaliteten er avgrensa i nokså flatt terreng, nordre del av myra har helling mot nord-nordaust. Sørøstenden har helling mot sørøst.

All myr har opprinnelig vore open jordvassmyr (minerotrof myr), men over tid kan nedbørsmyr (ombrotrof myr) verte danna ved at torvlaga bygger seg opp og etter kvart hevar seg over omgjevnadane, slik at vegetasjonen ikkje når ned til jordvatnet (sjå fakta-ark om nedbørsmyr på Artsdatabanken.no). Myra ved Gamlestølen er klassifisert som nedbørsmyr, men kan også ha parti med jordvassmyr, det er vanleg at ulike myrtypar opptre i mosaikk. Det er sannsynleg at delar av myra blir litt påverka av tilsig frå omgjevnadane og at det ikkje berre er nedbør som har betydning for tilstanden til myra.

På historiske flyfoto kan ein sjå at myra hadde noko større utstrekning mot sørvest før Vonløypa vart etablert. Det kan sjå ut som myrstrukturane var litt meir framtrudande i 2006 enn i 2020 (**Figur 2**), men lys og skuggeforhold gjer det generelt vanskeleg å tolke flyfoto, så dette er usikkert.

Det er uansett grunn til å tru at etablering av Vonløypa har endra dei hydrologiske forholda til myra ved å sperre for tilsig frå sør-sørvest. Endringa er foreløpig ikkje veldig stor, det er lite preg til attgroing med buskar og trær i myra, noko som både kan skuldast at det er gått kort tid sidan vegen vart etablert, men også at nedbøren bidreg til å oppretthalde myra.

Ein kan likevel forvente at det reduserte tilsiget på sikt vil medføre at delar av myra får dårlegare tilstand og gror att noko raskare enn normalt.




Figur 2. Høgmyra ved Gamlestølen vist på flyfoto tatt 2020 (t.v.) og 2006 (t.h.). Då Vonløypa vart etablert kuttar den av ein del av myra i sørvest.

Utviding av Vonløypa

Vonløypa er planlagt utvida frå 2,5 meter til 3,5 meter i breidde i partiet frå svingen i sørenden av myra og vidare mot sør og nordaust (**Figur 3**). Utvidinga av vegen vil i utgangspunktet ikkje medføre permanente arealbeslag i myra ved Gamlestølen, og vil truleg heller ikkje endre på dei hydrologiske forholda sidan den etablerte vegen allereie ser ut til å sperre for tilsig til myra.

I ein anleggsfase vil det alltid vere risiko for at entreprenør må gjere små justeringar på planar av tekniske årsaker og ein kan ikkje sjå vekk frå at sørenden av myra vil bli råka av midlertidige arealbeslag.

Utviding av Vonløypa kan gi ein moglegheit til å opprette skaden som allereie er gjort dersom det gjennomførast avbøtande og restaurerande tiltak.



Figur 3. Utsnitt frå plankart som viser planlagt utviding av Vonnøypa i forhold til høgmyra (skravert blått areal). Kjelde: Nordplan AS.

Forslag til avbøtande og restaurerande tiltak

Avbøtande tiltak:

- Inngrepsbredda nær myra kan reduserast ved å etablere støttekonstruksjon i ytterkant av vegen, eks. jordarmering med geotekstiler, sjå dømer i Sweco (2023)
- Inngrepsbredda nær myra kan reduserast ved å ha bratte vegskråningar inntil myra.

Restaurerande tiltak:

- Tilsiget til myra kan gjenopprettast ved å legge fleire røyr under eksisterande veg
- Ved flytting av massar for å legge røyr må ein sikre at massar ikkje leggast på myra, men på eigna midlertidig deponi, til dømes på eksisterande veg.

Eit grovt forslag til plassering av røyr under dagens veg er vist i **Figur 4**. Sidan det ikkje er ein tydeleg tilførselsbekk til myra vil det vere aktuelt å legge fleire røyr, røyra bør plasserast der det er naturlege sig frå terrenget på vestsida av vegen. Nøyaktig plassering av røyr og dimensjon på røyra må avklarast på staden og i samråd med entreprenør.



Figur 4. Forslag til plassering av røyr (blå strekar) under Vonløypa for å gjenopprette tilsig til myra ved Gamlestølen.

Referansar

Sweco 2023. Rapport: Tverrfaglig idémyldring og sammenstilling av kunnskap for hvordan redusere klima- og miljøpåvirkning fra samferdselsutbygging. 42 s.

Statens Vegvesen 2015. Når vegen berører myra. God forvaltning av myr i vegplanlegging, bygging og drift. Statens vegvesen rapport 423.

Blanck, C. 2023. Sulafjellet gondol, Sula kommune. Revisjon av konsekvensutredning for naturmangfold. Rådgivende Biologer Notat. 7 s.

Databasar

Artsdatabanken, skildring av nedbørsmyr:

www.artsdatabanken.no